

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Næring- og miljøutvalet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Hareid kommune

Samandrag:

Med bakgrunn i den reviderte viltressursslova, (Lov om jakt, felling og fangst) som trådte i kraft frå 01.07.2026, og endring i tilhøyrande forskrifter, er det lagt fram framlegg om å opne for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemidde på jakt på hjort i Hareid kommune.

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i viltressursslova § 26a og Forskrift om uttøvelse av jakt felling og fangst §29a fastsett kommunestyret i Hareid kommune forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til jakt på hjort slik:

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Hareid kommune, Møre og Romsdal

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Hareid kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt etter hjort i ope terreng, i Hareid kommune. Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jegerar skal rapportere bruken av restlysforsterkande og termiske siktemiddel i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Forskrifta vert sett i kraft med det same.

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for saka er at den nye viltressurslova, Lov om jakt, felling og fangst, trådte i kraft frå 01.07.2026 og Landbruks- og matdepartementet fastsette 26.06.2026 Forskrift om endringar i forskrifter på viltområde.

I viltressurslova er det lagt inn forbod mot bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt (§ 26). Bruken av slike siktemiddel har ikkje vore lovregulert tidlegare og dei har difor vore nytta på jakt. Blant hjortejegerane i våre område har bruken av slike siktemiddel vorte utbreidd dei seinare åra, utan at vi veit det eksakte omfanget.

Ei av endringane i Forskrift om utøvelse av jakt felling og fangst, jaktutøvingsforskrifta, gir kommunane heimel til å fastsetje lokal forskrift som opnar for bruken av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng. For at kommunen skal kunne opne for bruk av slike siktemiddel til jakt på hjort må det vere for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettheit. Om det vert opna for bruk av slike siktemiddel skal kommunen vurdere behovet for vidareføring av forskrifta kvart femte år, og kopi av vurderinga skal sendast Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruken av slike siktemiddel ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Definisjonar:

Termiske siktemiddel: Siktemiddel som fangar opp varmestråling og gjer den om til eit bilete.

Restlysforsterkande siktemiddel: Siktemiddel som forsterka anten synleg eller ikkje synleg lys.

Ope terreng: Terreng som stort sett er fritt for hindringar. Dette kan for eksempel vere innmark, eller opne område i skog, som hogstflater, naturlege opningar utan høgt feltsjikt- og buskvegetasjon og område der skogen er høg og glissen.

Høyringa:

Næring og miljøutvalet vedtok den 10.07.2026 å sende framlegg til forskrift ut på høyring med frist 21.08. Det kom inn 8 høyringssvar. Det andre svaret frå Anthoni Hjørungdal kom inn etter fristen.

Ikrafttredelse:

Ei eventuell forskrift trer fyst i kraft etter at den er kunngjort på lovtidend.

Svar på høyringa frå Hareidsdalen hjortevald:

Støttar framlegget.

Svar på høyringa frå Anthoni Mindor Hjørungdal datert 01.08:

Støttar framlegget, og peika på at slike siktemiddel gir gode og trygge skot.

Svar på høyringa frå Brandal utmarkslag:

Støttar framlegget, og peika blant anna på at slike siktemiddel har vore ein av grunnane til at ein har klart å redusere bestanden. Dette gjeld særleg felling på innmark der hjorten har gjort mest skade. Eit forbod mot slike siktemiddel vil kunne ha økonomiske konsekvensar for mange.

Svar på høyringa frå NOAH for dyrenes velferd:

Viser til dokumentasjonskravet om alvorlege skadar, og at ein høg tettleik av hjort ikkje bør vere nok til å opne for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel.

Svar på høyringa frå Sheila Rosita Gården Gaasø:

Støttar framlegget og viser til meir effektiv, sikker og human jakt som uroar dyra i mindre grad.

Svar på høyringa frå Morten Stridh:

Støttar framlegget og viser til at bruken av termiske sikte har ført til betre kontroll på uttaket av dyr under jakta i Hareidsdalen hjortevald. Bruken har og ført til sikrare felling og færre skadeskytingar med påfølgande ettersøk.

Svar på høyringa frå Jan Ove Storøy:

Støttar framlegget og viser til meir sikker og human jakt.

Svar frå Anthoni Hjørungdal datert den 22.08:

Støttar framlegget og viser til at bruken av termisk utstyr siste 5 åra har vore med på å ta ned hjortebestanden.

Landbruksdirektoratet har utarbeida ein rettleiar som kommunane kan bruke i arbeidet med forskrifta. I rettleiaren er det skrive at det må vere ein samanheng mellom målsetjingane til kommunen, og verkemiddelbruk. Vurderingskriteria som kan leggst til grunn for dokumentasjon på alvorleg skade:

- Vurdering av bestandstettheit
- Bestandsmessige forhold
- Jordbruk
- Skogbruk
- Effektar av biologisk mangfald
- Hjortepåkøyrslar

Definisjonen av «alvorleg skade» er ein situasjon der skaden har nådd eller kan når eit visst nivå, og det er ein skadesituasjon som inneberer betydelege skadekonsekvensar. Dette kan til dømes vere beiteskadar i stort omfang på jordbruks- og skogbruksareal der skaden vil innebere eit økonomisk tap for grunneigaren. Det kan og handel om skade på anna eigedom eller person som følgje av påkøyrslar i trafikken. Høg bestandstettheit kan føre til skade på dyrehelsa til dømes gjennom generell nedgang i slaktevekt eller sjukdomsutbrot i hjortebestanden. Det skal leggst større vekt på utviklinga av skader over fleire år enn på enkelte hendingar.

Vurdering og konklusjon:

Vurdering av høyringsinnspela:

For kommunedirektøren er det viktig å vise til Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a, og rettleiaren frå Landbruksdirektoratet. Det som skal vurderast her er om termiske og restlysforsterkande siktemiddel er nødvendige for å hindre alvorlege skadar på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettheit. Teknisk utstyr som del av utøving av human og sikker jakt er ikkje ein del av vurderingskriteria.


Utifrå dette vert det lagt mindre vekt på høyringsinnspela frå Anthoni Hjørungdal, Brandal utmarkslag, Sheila Rosita Gården Gaasø, Hareidsdalen hjortevald, Morten Stridh og Jan Ove Storøy anna ein at dei støttar ei lokal forskrift, og at det kan få ei økonomisk konsekvens (skadar på innmark) for mange om det ikkje vert opna for bruk av slike siktemiddel.

Høyringsinnspelet frå NOAH for dyrs rettigheter, peika på mykje av det same som rettleiaren frå landbruksdirektoratet. Kriteria vert vurdert under her.

Vurdering mot forvaltningsmål:

I lang tid har det vore ynskjeleg å redusere bestanden i kommunen. Dette er og eit mål i *Forvaltningsplan for hjort Hareid kommune 2024 – 2026*. Sidan 2022 har minsteareal vore på 200 dekar på tildelt fellingsløyve. Forvaltningsplanen har som mål at bestanden skal

reduserast og stabiliserast på eit lågare nivå, samt at sett hjort per jegerdag ikkje skal overstige 2,2 i slutten av perioden. Sett hjort per jegerdag var i 2025 2,19, noko som er innanfor målet. I 2023 og 2024 var sett hjort per jegerdag 2,82 og 2,7. Utifrå at planen har som mål at bestanden skal reduserast og stabiliserast på eit lågare nivå, vil opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel vere i tråd med målsetjinga.




Figur 1: Sett hjort per jegerdag og sett hjort per jegerdag i utmark i perioden 2015-2025.

Vurdering av bestandstettheit:

Eit høgt uttak av dyr, saman med eit større fokus på kalv og hodyr i avskytinga har ført til at ein har fått til bestandsreduksjon. Dette kan ein sjå i både fellingsresultata, sett-hjort per jegerdag og på varteljingane.


Bestandsreduksjonen har skjedd siste åra. Det er fortsatt eit overordna mål om at bestanden skal reduserast. Til tross for denne reduksjonen meina vi at det fortsatt er store område med høg tettheit i kommunen. Hjørungdalen, Ulset-Kaldholen, og delar av området vest for Snipsøyrvatnet kan peike seg ut som område med høg til svært høg tettheit til tross for bestandsreduksjon.



Figur 2: Tildelte og felte dyr i Hareid kommune i perioden 2015-2025.

Bestandsmessige forhold:

I Hareid kommune er det ein hjortebestand som truleg består av ein låg del bukkar, og at alderen på bukkane er låg. Dette kan ein sjå igjen i sett-hjort tala.



Figur 3: Sett kolle per bukk, sett spissbukk per bukk og sett kalv per kolle i perioden 2015-2025.

Sett kolle per bukk, og sett spissbukk per eldre bukk har gått i riktig retning. Likevel er det langt igjen før ein kan gå ut frå at ein har ei naturleg kjønns- og alderssamansetning i bestanden. Sett kalv per kolle har blitt redusert siste åra. Truleg som følgje av at ein har auka del kalv i uttaket.

Det er fyst frå 2021 at det er registrert slaktevektar (i større grad) i kommunen. Slaktevektene på kalv og ungdyr (1,5 år) har auka noko i desse åra.

Jordbruk:

Det er ikkje dokumentert omfanget av beiteskadar på innmark i Hareid kommune, men det er likevel rapportert om skadar på innmark fleire stader. Det er spesielt i Hjørungdalen og på Ulset at vi veit problema har vore størst. Her har valdet hatt ei avskyting på 78 – 50 dyr på ca 10 000 dekar siste 3 åra. Dette tyder på at bestandstettleiken har vore svært høg, og at det har vore store beiteskadar på innmark.

Skogbruk:

Det er ikkje dokumentert omfanget av beiteskadar på skog i kommunen, men det har vore rapportert om skadar på skog. Dette også i Hjørungdalen.

Effektar av biologisk mangfald:

Det er ikkje dokumentert omfanget av effektar på biologisk mangfald.

Hjortepåkøyrslar:

Hjortepåkøyrslar er i periodar eit problem i Hareid kommune. Spesielt på fylkesveg 61 mellom Hareidseidet og Bjåstadbakken. Som følgje av at ein har fått redusert bestanden i kommunen har tal påkøyrsla vorte redusert siste 4-åra. Det kan og vere eit moment at at fartsgrensa er satt ned frå 80 til 60 km/timen.

Konklusjon:

Kommunedirektøren ser det som hensiktsmessig og tillate bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel i Hareid kommune ved og vedta lokal forskrift, da målet er å redusere hjortebestanden i kommunen. Det er og eit mål at omfanget av skadar på innmark og tal påkøyrslar vert stabilisert på eit lågare nivå enn i dag. Bestanden må og ha ei meir naturleg kjønns- og alderssamansetting. Om vi har klart dette fram til neste vurdering (om 5 år) vil det ikkje lenger vere grunnlag for å kunne ha ei eiga lokal forskrift som tillet bruk av slike siktemiddel.

I neste vurdering bør Hareidlandet (kommunanen Hareid og Ulstein) sjåast under eit. Det er lite ynskjeleg at det vert ulike reglar i desse to kommunane.

Konsekvensar for barn og unge: *Ingen kjende*

Konsekvensar for eldre: *Ingen kjende*

Konsekvensar for menneske med nedsett funksjonsevne: *Ingen kjende*

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende

Bent Arild Grytten
kommunedirektør

Bjørnar Eikenes
Sakshandsamar